



Øystre Slidre kommune

Dykkar ref.:

Vår ref.:

ROGAST - 15/6561

Arkiv:

033

Vår dato:

18.11.2015

Protokoll frå møte i eldrerådet den 16.11.15 kl. 10.00 - 12.00

Til stades:

Frå rådet: Torleiv Sigurd Hovi, Solveig Rydland, Gunnar Berg, Marit Synnøve Opheim Østli.
Andre: Astrid Rogne (sekretær), Knut Frode Framstad (sak 29)

Ikkje møtt: Edgar Linn

Sak 20/15 Val av møteleiar

Vedtak:

Torleiv Sigurd Hovi vart vald som møteleiar

Sak 21/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Innkalling vart einstemmig godkjent. Sakslista vart godkjent med dette tillegget under orienteringar: Innsamling til Festusbussen

Sak 22/15 Godkjenning og underskrift av protokoll frå 05.10.15

Vedtak:

Tore Gran og Magnhild Strand får i oppdrag å godkjenne og underskrive protokollen då denne tilhøyrrer det «gamle» eldrerådet.

Sak 23/15 Val av leiar i eldrerådet

Vedtak:

Torleiv Sigurd Hovi vart einstemmig vald.

Sak 24/15 Val av nestleiar i eldrerådet

Vedtak:

Solveig Rydland vart einstemmig vald.

Sak 25/15 Val av kontaktperson for den kulturelle spaserstokken

Vedtak:

Gunnar Berg vart einstemmig vald

Sak 26/15 Val av kontaktperson til pensjonistlaget

Vedtak:

Solveig Rydland vart einstemmig vald

Sak 27/15 Opplæring

Vedtak:

Eldrerådet deltek på opplæring i regi av KS og kommunen den 10.12.15
Kl. 09.00 – 15.00

Sak 28/15 Møteplan 1. halvår 2016

Vedtak:

Måndag 08.02.16

Måndag 18.04.16

Måndag 06.06.16

Sak 29/15 Orienteringar

- **Reglar for møte/reisegodtgjersle**

Sekretæren orienterte om det viktigaste innanfor gjeldande reglement

- **Status for omsorgstunet**

- Orientering ved Knut Frode Framstad:

- Tomteplassering blir avklara i kommuneplanen sin arealdel

- Det ligg føre tre alternativ for plassering av omsorgstunet: Sørre Moen, Raubrøtmoen og Hestehagin.

- Fylkesmannen seier nei til Sørre Moen på grunn av jordvernet.

- I samsvar med råd frå fylkeskommunen blir det arbeida med sentrumsplan for Heggenes. Sentrumsplanen vil bli ferdig i midten av februar 2016.

- Tiltrådingar om tomteplassering i sentrumsplanen vil bli innarbeida i arealdelen.

- I økonomiplanen for 2016 - 2019 er det sett av pengar til bygging av omsorgstun i 2017 og 2018. Dette er retningsgjevande.

- Det blir arrangert framtidswerkstad for utvikling av Heggenes sentrum den 25. november på ØSUS. Frå eldrerådet møter Gunnar Berg.

- Dersom det blir arrangert befarung til andre kommunar før byggestart i Øystre Slidre, ynskjer eldrerådet å få vera med på dette.

- **Innsamling til Festusbussen**

Gunnar Berg tok opp spørsmålet om innsamling til Festusbussen. På møte i juni vart det bestemt at Gunnar Berg og Tore Gran skulle samarbeide om innsamling til Festus til hausten. Bør vi få meir info frå kommunen fyrst?

Vedtak:

Eldrerådet ber om å få signal frå administrasjonen korvidt det er behov for ny innsamling til Festusbussen.

- **Andre aktuelle orienteringssaker**

Sekretæren hadde laga til ein perm for eldrerådets medlemmer. Permen inneheld: Kommunedelplan for helse og omsorg, Reglement om folkevalde sine arbeidsvilkår, Reglement for eldrerådet i Øystre Slidre, Rundskriv om kommunale og fylkeskommunale eldreråd, Eldrerådslova og veileder i eldrerådsarbeid: «Eldrerådets oppgaver og funksjon». Sekretæren orienterte kort om innhaldet.

Dato:
